Tabellen stadfestar hovudtrenden vi har sett dei siste åra ved at stadig fleire vel studiespesialiserande utdanningsprogram.

Når det gjeld nedgangen i søkjartalet til Vg1 Media og kommunikasjon, er dette ei vidareføring av trenden som har gjort seg gjeldande dei siste åra. I tillegg har svært mange valt å gå over til Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs i staden for å fullføre med studiekompetanse med Vg3 Media og kommunikasjon.

Den relativt store nedgangen i talet på søkjarar til Bygg og anleggsteknikk er svært uheldig for bransjen. Over år har det vore nedgang, og situasjonen kan verte kritisk for bransjen i løpet av få år.

**Grunngjeving for endring ved den einskilde skule.**

**Etne vidaregåande skule**

**Vg1 Idrettsfag: Tilrår at tilbodet skal oppretthaldast**
I fylkesutvalsak 290/13 «Justering av undervisningstilbodet 2014/15» vart det under punkt 4 gjort slikt vedtak: «Idrettsfag Vg1 i Etne vert vurdert i høve til ein gruppe-/klassestorleik på 27 elevar» Under punkt 3 i same sak heiter det at det «som hovudregel vert det sett krav til oppfyllingsgrad på 85% i høve til budsjettert elevtal. Dersom ei gruppe kjem under minimumskravet, skal avgjerd om eventuell nedlegging vurderast opp mot tilbodet i regionen og i fylket samla sett. Denne vurderinga vert gjort administrativt.

**Rosalind Fosse** sette fram følgjande oversendingsforslag i opplærings- og helseutvalet 18 mars:

> *«Fylkesutvalet stilte i møte 05.12.13 krav på 27 elevar på idrettslinjen v/Etne vgs. OPHE er av den oppfatning at retningslinjene for samtlige skoler bør være like, jfr. Hjeltnes, Austevoll etc. OPHE ber om at Fylkesutvalet frafaller dette kravet, eller at det fremlegges sak slik at alle skoler i HFK blir behandlet likt med krav om antall elever på faglinjene».*
>
> Forslaget vart samrøystes vedteke oversend fylkesutvalet.

Til Vg1 Idrettsfag ved Etne vidaregåande skule har det meldt seg åtte primærsøkjarar. Rogaland har meldt frå om at det er aktuelt å kjøpe fem elevplassar. Talet på sekundærsøkjarar er elles slik at fylkesrådmannen trur at samla elevtal vil bli frå 15-17. På bakgrunn av dette er oppfyllingsgraden mindre enn 85% dersom ein legg til grunn 27 elevplasser, men over dersom ein legg til grunn 15 elevplassar (som

opprinneleg planlagd). Fylkesrådmannen tilrår etter ei samla vurdering av tilbodet i regionen og fylket elles at tilbodet blir oppretthalde. I praksis vil det vere nærast umogleg å få ein oppfyllingsgrad på 85% på tilbod som i utgangspunktet kan ha 27-30 elevar i ein klasse ved Etne vidaregåande skule. Grunngjevinga for dette er sjølvsagt talet på avgangselevar som kvart år kjem ut frå grunnskulen i kommunen. Som kjent er ein no også i dialog med ein framtidsretta struktur for skulane i Etne og Vindafjord saman med Rogaland fylkeskommune. Førebels er det kome til semje om at skulane ikkje skal opprette konkurrerande tilbod. Drøftingane om organisering av dei to skulane, t.d. med ein skule i regionen, er godt i gang.

Ut frå vedtaket i fylkesutvalsak 290/13 kunne vurderinga med å oppretthalde Vg1 Idrettsfag gjerast administrativt. Dette er også fylkesrådmannen si innstilling i denne saka. Sidan dette tilbodet er spesielt nemnt i vedtaket ovanfor, finn fylkesrådmannen det likevel rett å leggje dette fram til politisk avgjerd.

**Vg1 Design og handverk** **Nedlegging på grunn av lågt søkjartal**
Det er berre ein søkjar med Ungdomsrett til dette tilbodet. Framlegget til nedlegging er i samsvar med skulen si tilråding.

**<u>Kvinnherad vidaregåande skule</u>**

**Nedlegging:** **Vg1 Restaurant- og matfag**
**Vg2 Kokk- og Servitørfag**

Til Vg1 Restaurant- og matfag har det berre meldt seg to søkjarar med Ungdomsrett, ein av desse til tilrettelagt opplæring.

Til Vg2 Kokk- og servitørfag har det meldt seg to søkjarar med Ungdomsrett.
Skulen har også i inneverande skuleår hatt lågt elevtal ved dei to ovannemnde tilboda. Dette har vore kostnadskrevjande, og det er ikkje rom for å halde fram med dette når elevtalet no blir enda lågare.

**<u>Odda vidaregåande skule</u>**

**Nedlegging:** **Vg1 Bygg- og anleggsteknikk**
**Vg2 Kjøretøy**
**Vg3 Smedfag**

Det har berre meldt seg ein søkjar med Ungdomsrett til Vg1 Bygg- og anleggsteknikk. Framlegget til nedlegging er i samsvar med skulen si tilbakemelding etter prognoseinntaket.

Til Vg2 Kjøretøy har det meldt seg fem søkjarar med Ungdomsrett. Skulen ønskjer å oppretthalde tilbodet fordi dei kan samkøyre ein del av faga på Vg2 med andre programområde, dei har godt samarbeid med verkstader i området, og verkstaden ved skulen er godt tenleg for elevar med tilrettelagt undervisning.

Til skulane Odda vidaregåande skule, Norheimsund vidaregåande skule og Voss vidaregåande skule har det totalt meldt seg 12 søkjarar med Ungdomsrett, dvs. ein klasse. Fylkesrådmannen ser at dersom dette tilbodet skal oppretthaldast i regionen ved ein skule, så blir ikkje elevtalet stort større enn talet på primærsøkjarar. Grunnen til dette er reiseavstand mellom elevane sine bustadadresser og skulane si lokalisering. Uansett vil denne elevgruppa måtte bu på hybel dersom tilbodet blir lagt ned ved ein eller fleire av skulane, og då skal ein ikkje sjå bort frå at skulane i Bergen kan vere like attraktive. Vg2 Kjøretøy har dei siste åra fått lågare og lågare søkjartal, og det gjeld også desse tre skulane.
Med så lite elevtal ville fylkesrådmannen administrativt lagt ned tilbodet ved alle dei tre ovannemnde skulane. Sidan Vg2 Kjøretøy ved ei slik avgjerd ville bli borte i Hardanger/Voss-regionen, blir saka likevel lagt fram til politisk avgjerd.

Vg2 Smedfag vart oppretta i desember 2013 og er ei såkalla «landslinje» der staten tek det meste av kostnaden, og søkjarar frå heile landet søkjer om inntak på like vilkår. Det har berre meldt seg to søkjarar til

tilbodet. Hovudgrunnen til det låge søkjartalet kan vere at Vg2 Smedfag byggjer på Vg1 Design og handverk. Dette utdanningsprogrammet har dei siste åra hatt ein nedgang i søkjartalet, og rekrutterer i hovudsak til Vg2 Frisør. Frå neste år er det truleg at Vg1 Teknikk og industriell produksjon også blir inntaksgrunnlag til Vg2 Smedfag. Dette utdanningsprogrammet har høgt elevtal både i Hordaland og resten av landet, og alt bør difor liggje til rette for at tilbodet kan kome i gang frå hausten 2015. Det krev likevel god marknadsføring av tilbodet.

**Norheimsund vidaregåande skule**

**Nedlegging:** **Vg1 Bygg- og anleggsteknikk**
**Vg2 Kjøretøy**
**Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget**

Vg1 Bygg- og anleggsteknikk har fire søkjarar med Ungdomsrett. Tal elevplassar er 15. Skulen ønskjer å oppretthalde tilbodet, og viser til at delar av opplæringa går saman med Vg2 Byggteknikk og annan Vg1-klasse i fellesfaga. Dei skriv elles at byggjebransjen i Kvam er stor, og at dei tek imot alle lærlingane dei kan få. Fylkesrådmannen meiner likevel at søkjartalet er for lite til å oppretthalde tilbodet.

Vg2 Kjøretøy har fått tre søkjarar med Ungdomsrett. Skulen ønskjer å oppretthalde tilbodet og seier at elevane kan få fellesfaga saman med ein annan Vg2-klasse. Skulen skriv vidare at « ein dag i veka vil opplæringa i programfag gå føre seg på praksisplass innan bilbransjen i Kvam. Bilbransjen i Kvam, med melding underskriven av seks verksemder, oppmodar om at Vg2 Kjøretøy ikkje blir lagt ned frå hausten fordi dei treng lærlingar i faget.

Sjå elles det som er skrive under Odda vidaregåande skule, Vg2 Kjøretøy. Reint teoretisk har dei tre søkjarane til Vg2 Kjøretøy ved Norheimsund vidaregåande skule ei adresse som kan gjere det mogleg å gå på Odda vidaregåande skule utan å flytte på hybel. I praksis lar det seg vanskeleg gjere.

Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget har fått tre primærsøkjarar. Skulen ønskjer å oppretthalde tilbodet og seier at elevane tek fellesfaga saman med elevane ved Vg2 Helsearbeidarfaget. Skulen ønskjer å utplassere elevane i programfaga i samarbeid med Kvam Herad, som har læreplassar til alle.

## Hjeltnes vidaregåande skule

**Nedlegging:** **Vg1 Naturbruk**

Dette tilbodet har berre fått ein søkjar med Ungdomsrett i år. Framlegget om nedlegging er i samsvar med skulen si tilbakemelding etter prognoseinntaket.

## Voss vidaregåande skule

**Nedlegging:** **Vg2 Kjøretøy**

Vg2 Kjøretøy har fått fire søkjarar med Ungdomsrett til 12 plassar. Skulen skriv at dei ønskjer å leggje ned tilbodet for skuleåret 2014/15. Dette er den einaste av dei tre skulane i Voss/Hardanger som tilrår nedlegging for komande skuleår. I skulebruksplanen er det vedtatt at Voss vidaregåande skule skal ha dette tilbodet.

Jamfør elles det som er skrive under Odda vidaregåande skule.

## Fusa vidaregåande skule

**Nedlegging: Vg1 Naturbruk**

Vg1 Naturbruk har fått ein søkjar med Ungdomsrett. Sjølv om skulen gir tilbod på TAF Marine fag, er det ikkje mogleg å oppretthalde det ordinære utdanningsprogrammet med ein søkjar. I den skriftlege tilbakemeldinga på prognoseinntaket ønskjer skulen å gje eit tilbod til den eine eleven i kombinasjon med TAF og utplassering.

Fylkesrådmannen meiner at det ikkje er grunnlag for å oppretthalde tilbodet sjølv med tilpassing for den eine eleven og tilrår at tilbodet blir lagt ned.

## Austevoll vidaregåande skule

**Nedlegging Vg1 Elektrofag**

Vg1 Elektrofag har fått fire søkjarar med Ungdomsrett til 15 plassar. Skulen ønskjer å oppretthalde tilbodet ved at elevane får fellesfaga saman med dei andre Vg1-elevane på skulen. Fylkesrådmannen meiner at søkjartalet er for lågt til at tilbodet kan oppretthaldast.

### Slåtthaug videregående skole

**Nedlegging: Vg2 Design og tekstil**

Vg2 Design og tekstil har fått to søkjarar med Ungdomsrett til15 plassar. Skulen seier i si tilbakemelding at dette «ikkje er liv laga» i høve til å oppretthalde tilbodet. Tilbodet har også få primærsøkjarar ved dei fleste andre skulane i fylket. Dette er ein konsekvens av nedgangen i søkjartalet gjennom fleire år til utdanningsprogrammet Design og handverk. Årstad videregående skole, som er den næraste skulen til Slåtthaug vgs. har seks primærsøkjarar med Ungdomsrett.

### Garnes vidaregåande skule

Denne saka kan etter fullmakta som vart gjort i fylkesutvalet i desember 2013 avgjerast administrativt, men fylkesrådmannen legg likevel saka fram for politisk behandling.

Skulen har 39 primærsøkjarar til Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram. I 2013 vart klassetalet redusert frå to til ein klasse. Skulen er svært opptatt av å kunne starte opp med to klassar frå skuleåret 2014. Fylkesrådmannen meiner at det ikkje er grunnlag for å opprette ein ny klasse. Talet på søkjarar kjem uansett godt under 85% grensa der ein skal sjå på klassetalet totalt. Det er heller ikkje noko argument at «overtallege» søkjarar ikkje får det tilbodet dei ønskjer i regionen. Det er m.a. plass både ved skulane i Bergen og på Osterøy. Som ein kjenner til er det også vanleg med ein viss reduksjon av søkjartalet fram mot skulestart fordi ein del søkjarar tek imot plass t.d. ved dei private vidaregåande skulane. Fylkesrådmannen tilrår ikkje auke i klassetalet ved Vg1 Studiespesialsierande ved skulen, skuleåret 2014/15.

## Knarvik vidaregåande skule.

Skulen søkte hausten 2013 om å få opprette fleire elevplassar innanfor TAF-Elektrofag, slik at ein kunne gje tilbod om programområda Automatisering og El-energi. Søknaden vart lagt fram til politisk behandling på vanleg måte, men vart ikkje vedtatt i «klassesaka» i Fylkesutvalet sitt møte den 3. desember 2013.

I mars 2014 hadde NHO eit møte med fylkesordføraren, der det frå NHO si side vart lagt fram eit sterkt ønskje om å få utvida talet på plassar innanfor dei to ovannemnde programområda alt frå hausten 2014. Møtet vart avslutta med at saka skulle behandlast vidare av administrasjonen.

Tal nye plassar som er aktuelt å opprette, er 20, slik at samla elevtal for TAF- Teknikk og industriell produksjon og Elektrofag blir inntil 50, dvs. to høvelege grupper a 25 elevar. Ei eventuell utviding av talet på plassar ved TAF-elektrofag vil ikkje ha konsekvensar for klassestrukturen elles ved Knarvik vidaregåande skule, men kan marginalt gå ut over elevgrunnlaget til ein del av dei andre tilboda. Det kan også marginalt bli færre elevar til Automatiseringstilbodet ved Austrheim vidaregåande skule.

Fylkesrådmannen tilrår ikkje å auke elevtalet på TAF-elektro frå hausten 2014 på dette tidspunkt av inntaksprosessen.

Grunngjeving: I informasjonen på Knarvik vidaregåande skule si heimeside står det at tilbodet innanfor TAF-elektrofag omfattar Data- og elektronikk. Det står såleis ikkje noko om at tilbodet også kan omfatte Automatisering og El-energi ( elektrikar). Dette er i samsvar med vedtaket etter klassesaka i desember 2013. Når søkjarane ikkje har fått informasjon om at desse programområda finst ved TAF-elektro, må ein rekne med at ein del aktuelle søkjarar ikkje har søkt. Fylkeskommunen har plikt til å informere om kva tilbod som skal opprettast frå neste skuleår i god tid før søknadsfristen går ut.

Det er ikkje dokumentert at det er læreplassar, også på sikt, for dei aktuelle TAF-elevane innanfor Automatisering og El-energi, og heller ikkje kva konsekvens dette vil ha for talet på ordinære læreplassar. 20 ekstra læreplassar i TAF-systemet kvart år vil for ein fire-årsperiode binde opp 80 læreplassar.

Ei utviding av TAF-Elektro ved Knarvik vidaregåande skule med programområda Automatisering og El-energi vil bli vurdert på nytt i klassesaka hausten 2014.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
OPPLÆRINGSAVDELINGA
Fellestenester - OPPL AVD

Dei vidaregåande skulane i Hordaland

Dato: 25.04.2014
Vår ref.: 2014/15568-2
Saksbehandlar: KJEVEA_
Dykkar ref.:

# Endring i elevtal/nedlegging av programområde, skuleåret 2014/15

Fylkesutvalet gav i sak 290/13 fullmakt til administrasjonen om justering av elevtal osv. etter at prognoseinntaket var ferdig. Kva som kan gjerast administrativt framgår av pkt. 2 og 3 i vedtaket.
Vedlagt følgjer dei administrative vedtaka som er gjort.
Nedlegging av utdanningsprogram ved ein skule kjem opp til politisk behandling i Yrkesopplæringsnemnda den 6.mai, Opplærings- og helseutvalet den 13.mai og Fylkesutvalet den 20.mai. Det same gjeld dersom det er særlege grunnar til å behandle saka politisk, t.d. der skulen ønskjer å opprettholde eit tilbod sjølv med svært lågt elevtal, eller at det ligg føre andre særlege årsaker. Saka blir lagt ut på internett på vanleg måte når fylkesrådmannen er ferdig med si innstilling.

| Auke av elevtal hausten 2014 | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Elevar** | **Utd.prog** | **Trinn** | **Kode** | **Kurs** | **Org.sted** | **Skolenamn** |
| 13 | DH | Vg1 | DHDHV1---- | Design og handverk | 652 | Fitjar vgs |
| 13 | RM | Vg1 | RMRMF1---- | Restaurant- og matfag | 652 | Fitjar vgs |
| 10 | HS | Vg1 | HSHSF1---- | Helse- og oppvekstfag | 652 | Fitjar vgs |
| 9 | HS | Vg2 | HSHEA2---- | Helsearbeiderfag | 652 | Fitjar vgs |
| 27 | ID | Vg1 | IDRET1---- | Idrettsfag | 665 | Stord vgs |
| 12 | TP | Vg2 | TPPIN2---- | Industriteknologi | 665 | Stord vgs |
| 27 | PB | Vg3 | PBPBY3---- | Påbygg. gen. studiekompetanse | 630 | Kvinnherad vgs |
| 15 | PB | Vg3 | PBPBY3---- | Påbygg. gen. studiekompetanse | 632 | Voss vgs |
| 5 | BA | Vg1 | BABAT1---- | Bygg- og anleggsteknikk | 637 | Arna vgs |
| 6 | BA | Vg2 | BAKEM2---- | Klima-, energi- og miljøtek. | 638 | Åsane vgs |
| 4 | EL | Vg2 | ELELE2---- | Elenergi | 634 | Knarvik vgs |
| 15 | DH | Vg1 | DHDHV1---- | Design og handverk | 634 | Knarvik vgs |
| 13 | ST | Vg1 | STUSP1Z--- | Studiespesialisering m/forberedende IB | 621 | Bergen katedralskole |
| **27** | PB | Vg3 | PBPBY3---- | Påbygg. gen. studiekompetanse | 647 | Fyllingsdalen vgs |
| **196** | **Auke av elevtal hausten 2014** | | | | | |

**Hordaland fylkeskommune**
OPPLÆRINGSAVDELINGA
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. [5201 06 74239]

| Reduksjon av elevtal hausten 2014 | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Elevar** | **Utd.prog** | **Trinn** | **Kode** | **Kurs** | **Org.sted** | **Skolenamn** |
| -15 | DH | Vg2 | DHDTE2---- | Design og tekstil | 652 | Fitjar vgs |
| -27 | ST | Vg1 | STUSP1---- | Studiespesialiserende | 665 | Stord vgs |
| -12 | TP | Vg2 | TPKJT2---- | Køyrety | 665 | Stord vgs |
| -14 | SS | Vg2 | SSSSS2---- | Salg, service og sikkerhet | 630 | Kvinnherad vgs |
| -15 | PB | Vg3 | PBPBY4YK-- | Påbygg. gen. St. komp m/fagbrev | 632 | Voss vgs |
| -15 | HS | Vg2 | HSHEA2---- | Helsearbeiderfag | 644 | Fusa vgs |
| -10 | BA | Vg1 | BABAT1---- | Bygg- og anleggsteknikk | 646 | Os vgs |
| -12 | EL | Vg3 | ELDAT3---- | Dataelektronikerfaget | 643 | Askøy vgs |
| -27 | PB | Vg3 | PBPBY3---- | Påbygg. gen. studiekompetanse | 612 | Fana Gymnas |
| -27 | ST | Vg1 | STUSP1---- | Studiespesialiserende | 612 | Fana Gymnas |
| -27 | ST | Vg1 | STUSP1---- | Studiespesialiserende | 647 | Fyllingsdalen vgs |
| -27 | ST | Vg2 | STUSP2---- | Studiespesialiserende | 647 | Fyllingsdalen vgs |
| -15 | HS | Vg1 | HSHSF1---- | Helse- og oppvekstfag | 647 | Fyllingsdalen vgs |
| -27 | ST | Vg2 | STUSP2---- | Studiespesialiserende | 664 | Garnes vgs |
| -15 | BA | Vg1 | BABAT1---- | Bygg- og anleggsteknikk | 636 | Laksevåg vgs |
| -15 | MK | Vg1 | MKMED1---- | Medier og kommunikasjon | 636 | Laksevåg vgs |
| -27 | PB | Vg3 | PBPBY3---- | Påbygg. gen. studiekompetanse | 636 | Laksevåg vgs |
| -8 | HS | Vg1 | HSHSF1---- | Helse- og oppvekstfag | 656 | Lønborg vgs |
| -10 | HS | Vg2 | HSBUA2---- | Barne- og ungdomsarbeiderfag | 656 | Lønborg vgs |
| -5 | HS | Vg2 | HSHEA2---- | Helsearbeiderfag | 656 | Lønborg vgs |
| -12 | RM | Vg1 | RMRMF1---- | Restaurant- og matfag | 626 | Sandsli vgs |
| -15 | HS | Vg2 | HSHEA2---- | Helsearbeiderfag | 633 | Slåtthaug vgs |
| -27 | ST | Vg1 | STUSP1---- | Studiespesialiserende | 617 | Tertnes vgs |
| -10 | SS | Vg1 | SSSSA1---- | Service og samferdsel | 617 | Tertnes vgs |
| -4 | | Vg1 | | Synspedagogikk | 617 | Tertnes vgs |
| -9 | HS | Vg2 | HSHES2---- | Helseservicefag | 638 | Åsane vgs |
| -12 | DH | Vg3 | DHUTS3---- | Utstillingsdesign | 639 | Årstad vgs |
| -15 | TP | Vg1 | TPTIP1---- | Teknikk og ind. produksjon | 639 | Årstad vgs |
| -12 | EL | Vg2 | ELELE2---- | Elenergi | 639 | Årstad vgs |
| -15 | DH | Vg2 | DHIUD2---- | Interiør og utstillingsdesign | 634 | Knarvik vgs |
| **-481** | **Reduksjon av elevtal hausten 2014** | | | | | |
| | | | | | | |
| **-285** | **Justering av elevtal hausten 2014 (administrativ)** | | | | | |

Birthe Andersen Haugen
seksjonsleiar

Nils Skavhellen
inntaksleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Hordaland fylkeskommune**
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. [xxxx xx xxxxxx]

**Hordaland fylkeskommune**
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. [xxxx xx xxxxxx]

UNGDOMMENS FYLKESTING
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Notat

| | |
|---|---|
| **Til:** | Gudrun Einbu |
| **Frå:** | Ingeborg Borgen Takle |

**Referanse**
2014/560-43

**Dato**
23.04.2014

## Uttale til Kollektivstrategien - frå Ungdommens fylkesutval

Me i Ungdommens fylkesutval stiller oss positivt til Kollektivstrategien, og er svært nøgd med «Skyss vil samordne offentlig transport i tynt befolka område» sitt avsnitt der skuleskyss er førsteprioritet.

Med helsing

Olve Akselsen
Ansvarleg Samferdsel

UNGDOMMENS FYLKESTING
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

**Notat**

| | |
|---|---|
| **Til:** | Gudrun Mathisen |
| **Frå:** | Ingeborg Borgen Takle |

**Referanse**
2014/560-39

**Dato**
22.04.2014

# Endeleg uttale til rullering av Klimaplanen frå Ungdommens fylkesutval

Ungdommens fylkesting stiller seg positiv for Klimaplanen.

Vi ønskjer å kommentere nokon emnar.

Vi viser til punkt nummer 5.1.2 Kollektivtransport. Her er det nemnt at Skyss vil auke kollektivtransporten i kollektivsystemet, få bussene raskare fram gjennom by området. Det er ikkje nemnt noko om ungdom og transportmidlane dei brukar til og frå fritidsaktivitetar. Kollektivtransporten bør vere attraktiv for ungdom.

Vi viser til punkt 5.1.2 Reisemiddelfordeling. Det er her nemnt at målet er at det skal vere attraktivt for fleire å gå meir. Det bør bli tilrettelagt betre gangfelt og fortau. Med dette ønskjer vi at gamle slitte fortau blir betre stelt, eller fiksa, og gangfelt blir opphøgd eller flyttet til tryggare plasser.

Ungdommens fylkesting ønskjer å få tilrettelagt betre og tryggare skulevegar.

Med helsing

Hedda Hidle og Stine Hegdal
Ansvarleg for Kultur og ressurs

**Fra:** Barbara I Harterink (Barbara.Harterink@hfk.no)
**Sendt:** 13.05.2014 15:03:13
**Til:** 'sigrun.harklau@askøy.kommune.no'; 'renate.klepsvik@austevoll.kommune.no'; 'anita.soltveit@austrheim.kommune.no'; 'nilsarne@haugnett.no'; 'bmv@eidfjord.kommune.no'; 'Nils.Halleland@etne.kommune.no'; 'Even.Vaular@fedje.kommune.no'; 'kristin.skare@fitjar.kommune.no'; 'unni.rygg@fjell.kommune.no'; Erik Vangsnes; 'siri.stuve@granvin.kommune.no'; Jondal kommune; 'kwvi@kvam.kommune.no'; 'veronica.thorsen@kvinnherad.kommune.no'; 'eileen.feste@lindas.kommune.no'; 'alf.m.strand@masfjorden.kommune.no'; 'Eirik.Utne@meland.kommune.no'; Modalen folkebibliotek; 'marit.langaas@odda.kommune.no'; 'pjm@os-ho.kommune.no'; 'tor.arne.aasen@osteroy.kommune.no'; 'kari.aakre@osteroy.kommune.no'; 'katarina.birkeland@radoy.kommune.no'; 'Meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no'; 'arnhil.kannelonning@sund.kommune.no'; 'olav.bergmaal@sveio.kommune.no'; Vibeke Stoltz; 'trei@ullensvang.herad.no'; 'Ingvild.Winters@ulvik.kommune.no'; 'ann.kristin.bolstad@vaksdal.kommune.no'; 'Lars.E.Sjotun@voss.kommune.no'; 'bhj@oygarden.kommune.no'; 'post@hardangerraadet.no'
**Kopi:** Ingeborg Borgen Takle

**Emne:** Ungdom ut i Europa - invitasjon til seminar om Erasmus+:Aktiv Ungdom
**Vedlegg:** image001.png

# Korleis få ungdom ut i Europa?

**Lurar du på kva slags EU-stønad det finns for norske ungdommar som vil ut i Europa?**
**No inviterer Erasmus+: Aktiv Ungdom og Hordaland fylkeskommune til regionseminar 2.- 3. juni i Bergen.**

Visste du at fleire **ungdomsråd** frå Hordaland deltok på dette Aktiv Ungdom prosjektet om ekstremisme:
http://www.hordaland.no/Internasjonalt/Internasjonalt---aktuelt/Europeiske-ungdommer-sammen-mot-ekstremisme/
Og visste du at **dei som jobbar med ungdomsråd** kan få delta på seminar i utlandet?

Erasmus+: Aktiv Ungdom er namnet på EU sitt nye ungdomsprogram.
På regionseminaret vil deltakarane få informasjon om interkulturell læring, og kva slags ungdomsprosjekt kan få EU-stønad.

Du kan velje mellom å delta på enten eit kveldsseminar eller eit dagseminar:
Måndag 2.juni (kl. 17.00 – 21.00) er satt av til deltidstilsette, frivillige leiarar og alle andre som ikkje kan komme på dagtid.
Tysdag 3. juni (kl. 10.00 – 16.00) inviterast heiltidstilsette innanfor ungdomssektoren (ungdomsarbeidarar, administrasjon, politikarar) + deltidstilsette og frivillige som ikkje kan komme på kveldstid.
**Stad:** Fylkeshuset i Bergen

**Her kan du finne program og melde deg på seminaret:**
**http://www.hordaland.no/Internasjonalt/Internasjonalt---aktuelt/Korleis-fa-ungdom-ut-i-Europa/**

Mvh
Barbara Harterink

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE
Regionalavdelinga-Internasjonal seksjon
Tlf: 0047  55 23 95 33 | Mob: 0047 95794377
www.hordaland.no |FB: Ung i Europa Hordaland

UNGDOMMENS FYLKESTING
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Notat

| | |
|---|---|
| **Til:** | Laila Melkevoll |
| **Frå:** | Ingeborg Borgen Takle |

**Referanse**
2014/560-54

**Dato**
02.05.2014

## Innspel til erklæring frå Ungdommens fylkesutval

Me ynskjer at kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre/bystyre, som skal ha medverknad på sakar som vedgår ungdom og deira lokalmiljø. Dette er viktig for å få ungdommens stemme høyrd i lokalsamfunnet og i samfunnet elles. For å klare dette må me få medverkingsorgan for ungdom til å lovfestas.

Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse. Dei tre nivåa skal med utganspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom.

Det bør leggjast til rette for at det blir enklare å velje miljøvennleg transport for ungdom. Ungdom bør og være ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk.

Med helsing

Agnes Hoshovd Bernes
Leiar
Ungdommens fylkesutval

**Fra:** Ingeborg Borgen Takle (Ingeborg.Borgen.Takle@hfk.no)
**Sendt:** 02.05.2014 14:41:54
**Til:** Birte Markeseth Aasen
**Kopi:**

**Emne:** Angåande informasjonspakke til UFU
**Vedlegg:**
Hei,

UFU ser det som naudsynt å ha ein informasjonspakke for å betre nå ut til ungdom i Hordaland. Det står og i Ungdommens planprogram.

I førre møtet vart ein informasjonspakke diskutert og UFU tok slikt vedtak:
*Ungdommens fylkesutval vedtek å bestille ein informasjonspakke med følgjande artiklar:*

- *2 roll ups*
- *3 plakatar*
- *1 informasjon i visittkortstorleik*

*Og følgjande tekst på artiklane:*
*Roll ups:*

- *Logo til Ungdommens fylkesting + Ungdom førar Hordaland vidare*
- *Logo til Ungdommens fylkesting + kort informasjon*

*Plakatar:*
- *Informasjons plakat*
  - *Har DU høyrt om Ungdommens fylkesutval?*
  - *(Gøy og energisk bilde av medlemmene)*
  - *(Hoppebilde?)*
  - *(Tur, ute, sol?)*

*Me treng ein informerande tekst, som til dømes;*
*«Ungdommens Fylkesting består av to representantar frå alle ungdomsråd i Hordaland, og samlar slik meiningar frå ungdom i heile fylket. Ungdommens Fylkesutval er det arbeidande organet og jobbar for å få gjennom ungdom sitt syn på politikken i Hordaland.*
*Vil DU bidra med sakar? +kontaktinfo*

- *Engasjeringsbilde*
  - *Vil DU føre Hordaland vidare?*
  - *(Skilt, der en står og holder utkikk mot framtiden?)*

*Me treng ein tekst om kva me gjer og korleis ein tek kontakt, til dømes;*
*«Vår visjon er at vi førar Hordaland vidare, og det gjer vi på bakgrunn av meiningane til ungdom og ungdomsråd i Hordaland. Har du ei viktig sak på hjartet? +kontaktinfo»*

- *Motivasjonsbilde*
  - *Har DU noko du vil endre på?*
  - *(Undringsbilde framfor logoen til HFK)*

*For eksempel;*
*«Ungdommens Fylkesutval arbeider for å løfte fram og få gjennom saker som er viktige for ungdom. Har du ei sak som er særlig viktig for deg? Ta kontakt med oss på…… +kontaktinformasjon»*

*Informasjon i visittkortstorleik:*

- *Logo*
- *Ungdommens.fylkesutval@hfk.no*
- *Adresse: heimeside*
- *Adresse: facebookside*

*Ungdommens fylkesting er eit partipolitisk nøytralt medverknadsorgan på fylkesnivå vald frå ungdomsrådet i DIN kommune.*

Er dette noko kommunikasjonsavdelinga kan hjelpe dei med å utvikle? Både til dette og til heimesida treng ein betre bileter enn dei som ligg på Flickr. Har dei moglegheit til å få med seg ein fotograf og ta nokre alternative bileter?

Takk for hjelpa! ☺

Med venleg helsing

**Ingeborg Borgen Takle**
Rådgivar administrasjonsseksjonen
Organisasjonsavdelinga
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf. 55 23 92 81
www.hordaland.no

Arkivnr: 2014/560-51

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Ungdommens fylkesutval | 39/14 | 21.05.2014 |

# Arbeidsform hausten 2014

Samandrag

Det er fleire i medlemar og varamedlemar i Ungdommens fylkesutval som har nemnt at dei ikkje skal studere i Hordaland til neste år. For at Ungdommens fylkesutval skal fungere optimalt treng ein 12 medlemar og varamedlemar som stillar på møta og arbeidar med sakane i mellomtida. Dersom det er fleire som ikkje skal studere i Hordaland til hausten må ein sjå på nokre alternativ. Her er to:

- Ein finn alternative måtar å jobbe på, til eksempel med skype og e-post. Dette kan fungere heilt fint.
- Ein arrangerer eit ekstraordinært Ungdommens fylkesting i samband med nettverkssamlinga for å fylle opp plassen til dei som eventuelt ikkje er med lenger.

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Hordaland fylkeskommune** Agnes Mowinckels gate 5, PB 7900, 5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00, e-post: hfk@hfk.no, **www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva. Kontonr. 5201 06 74239

UNGDOMMENS FYLKESTING
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Arkivnr: 2014/560-50

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Ungdommens fylkesutval | 40/14 | 21.05.2014 |

# Dato for helgemøter til hausten 2014

**Samandrag**

Ungdommens fylkesutval vedtok i førre møte, 30.04.14, at dei ønskja to helgemøter til hausten. Eit for å kome i gang etter sommaren og for å planlegge nettverkssamlinga, og eit for å evaluere nettverkssamlinga og planlegge Ungdommens fylkesting. Nettverkssamlinga er lagt til 25. og 26. oktober. Administrasjonen fekk i oppgåve å finne ein aktuell helg.

Administrasjonen foreslår følgjande:
1. Møtet 27. august vert flytta til helga 29.-31. august.
2. Møtet 5. november vert flytta til helga 13.-15. november.

Angåande overnatting kan ein sjekke om Fløksand er ledig for den første helga. Elles kan administrasjonen bestille Montana vandrarheim. Ut over det må medlemane i Ungdommens fylkesutval kome med forslag eller tilbod.

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek slike helgemøter:
1. Møtet 27. august vert flytta til helga 29.-31. august.
2. Møtet 5. november vert flytta til helga 13.-15. november.

Overnatting skjer på Fløksand eller Montana.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Hordaland fylkeskommune**
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

**UNGDOMMENS FYLKESTING**
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Arkivnr: 2014/560-56

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Ungdommens fylkesutval | 41/14 | 21.05.2014 |

# Møte med fylkesordførar

**Samandrag**

Det har vore tradisjon at Ungdommens fylkesutval møter fylkesordførar ved ein eller fleire anledningar i løpet av perioden. Det kan vere naturleg at leiar og nestleiar i Ungdommens fylkesutval planlegg eit møte med fylkesordførar for å gå igjennom Ungdommens planprogram og satsingsområda. Det kan og vere naturleg å høyre om det er nokre av punkta som fylkesordføraren meiner han kan stille seg bak eller fremje på vegne av Ungdommens fylkesutval.

Forslag til avgjerd

1. Ungdommens fylkesutval vedtek å be om eit møte mellom leiar og nestleiar og fylkesordførar.
2. Ungdommens fylkesutval vedtek å leggje vekt på følgjande punkt frå Ungdommens planprogram under møtet.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Hordaland fylkeskommune** Agnes Mowinckels gate 5, PB 7900, 5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00, e-post: hfk@hfk.no, **www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva. Kontonr. 5201 06 74239

UNGDOMMENS FYLKESTING
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Arkivnr: 2014/560-49

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Ungdommens fylkesutval | 42/14 | 21.05.2014 |

## Observatørar på Ungdommens fylkesting i Troms

**Samandrag**

Ungdommens fylkesutval er invitert som observatørar til Ungdommens fylkesting i Troms. Leiar og nestleiar er ansvarleg for gjennomføring av Ungdommens fylkesting i Hordaland og det kan vere naturleg at dei reiser for å sjå meir korleis det vert gjort. Agnes Hoshovde Bernes skal få meir informasjon om dato og anna.

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende leiar og nestleiar som observatørar til Ungdommens fylkesting i Troms.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Hordaland fylkeskommune** Agnes Mowinckels gate 5, PB 7900, 5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00, e-post: hfk@hfk.no, **www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva. Kontonr. 5201 06 74239

Arkivnr: 2014/560-52

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Ungdommens fylkesutval | 43/14 | 21.05.2014 |

# Invitasjon til nettverkssamlinga 25.-26. oktober

Samandrag

Ungdommens fylkesutval inviterer alle ungdomsråda i Hordaland til ein nettverkssamling 25.-26. oktober på Quality Edvard Grieg Suitell. Det vert ein eigenandel på omtrent 1800 kr per person.

Invitasjonen kan med fordel verte sendt ut før sommaren.

Vedlagt er eit utkast til invitasjon.

Forslag til avgjerd

Invitasjonen vert sendt ut slik den føreligg.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Hordaland fylkeskommune** Agnes Mowinckels gate 5, PB 7900, 5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00, e-post: hfk@hfk.no, **www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva. Kontonr. 5201 06 74239

**UNGDOMMENS FYLKESTING**
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Alle ungdomsråd i Hordaland

Dato: 02.05.2014
Vår ref.: 2014/560-53
Dykkar ref.:

# Invitasjon til nettverkssamling 25.-26. oktober til alle ungdomsråd i Hordaland

**25. og 26. oktober** vert det arrangert nettverkssamling for ungdomsråd og ungdommens kommunestyre i Hordaland ved **Quality Edvard Grieg Suitell**. I den anledning har Ungdommens fylkesutval gleda av å kunne invitere **2 personer** frå dykkar Ungdomsråd/Ungdommens kommunestyre til å delta.

Tema for samlinga er korleis Ungdomsråd/Ungdommens kommunestyre kan påverke kommunane, og ulike arbeidsmetodar. I tillegg vil samlinga og ha fokus retta mot førebuing til Ungdommens fylkesting som vert arrangert i februar.

Eigenandelen er 1800 kr per deltakar. Dette dekker alt unntatt reise til og frå. Påmeldinga er bindande og skal vere Ungdommens fylkesutval i hende innan **1. oktober**. Her er link til påmeldinga.

Dersom du ønskjer å kome med innspel til programmet kan det sendast til ungdommens.fylkesutval@hfk.no så snart som mogleg. For praktisk informasjon, ta kontakt med Ingeborg Borgen Takle, ingeborg.borgen.takle@hfk.no.

Ungdommens fylkesutval ønskjer dykk ein god ferie og ser fram til eit godt samarbeid etter sommaren.

Bergen, 30. mai 2014

Agnes Hoshovd Bernes
leiar
Ungdommens fylkesutval

Birte Markeseth Aasen
Leiar

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Hordaland fylkeskommune**
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

**Hordaland fylkeskommune**
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239